

Linda ser og lyttar. Det er Micky ho ser på.

Ho kjenner ikkje Micky. Han er ganske ny i klassen.

Ho veit ikkje om han heiter Micky på ordentleg, eller om det berre er kallenamnet hans. Kanskje han heiter Mikael eller Michel, eller Michail.

Han er ikkje så høg, men ikkje låg heller. Heilt vanleg?

Han har brunt hår og brune auge.

Stemma hans høyrer så snill ut når han snakkar.

Han snakkar ikkje med henne. Linda er sjenert.

Ho tør ikkje gå fram og snakke som dei andre jentene.

Ho berre ser og lyttar. Likar ho han? Ho veit ikkje.

No snakkar Micky med Matti. Dei snakkar om eit spel.

Matti viftar med armane. Han peikar og knipsar med fingrane.

Matti er ivrig når han snakkar. Micky ler og grip rundt armane til Matti.

– Ta det med ro, seier Micky. Det held no! Eg skjønner kva du meiner, for eg har også det spelet!

Linda sukker. Ho har også spelet som Micky og

Matti snakkar om. Ho vil vere med og snakke og le.

Men ho sit berre her på pulten sin og prøver å rekne.

Timen er over, og Linda reiser seg for å gå.

Da ho kjem fram til døra til klasserommet, står Micky der. Han opnar døra.

– Ver så god, jentene først!

Han ler litt. Linda veit ikkje om han tullar, eller om han verkeleg meiner at jenter skal gå ut først.

Ho stoppar midt i døropninga.

– Ok, seier Micky. Da går vi saman, da.